

# Baneforklaring til Jemtegård Open 2017

## Generelt for banen:

- Campingplassen er OB uansett hol!
- Bekker og vatn er casual dersom det ikkje er markert som OB for spesifikke hol.
- Ved mykje nedbør kan det bli svært våte myrområder og då kan casual-regelen brukast.
- Dersom disken havnar i store kvisthaugar (gjeld bålområda ved utkast 14 og ved utkast 10), kan du bruke casual-regelen.
- Maskiner og reiskap er også casual.
- Pallar er ikkje casual. Du kan derimot stå inntil 30 cm bak viss det er fare for velt/skade.

## Spesifikt for hola (**raud skrift er spesielt for turneringa**):

1. Par 3 60 m. **NB! Utkast er 3-4 m lenger bak det ordinære utkastfeltet.** Mando til venstre for bjørka 10 m framme. OB bak korg og til høgre. Teknisk kast nedover og til høgre.
2. Par 3 64 m. Ingen OB. Stor høgdeforskjell ved korg og fare for rull. Plasseringskast først?
3. Par 3 77 m. Same korg som #1 med OB til venstre og bak korg. Rett fram, venstre eller høgre hyze?
4. Par 4 119 m. OB ved gjerde på venstre side, OB langs grøft på høgre side og OB rett bak korg. Kan velje rett fram i luka eller venstre side over trea.
5. Par 4 132 m. OB ved gjerde langs venstre side. **OB går ut i rasområde 7-8 m bak korg.** Unngå skogen i midten og krattskogen til høgre. Plasseringskast til venstre eller høgre for skog?
6. IKKJE I SPEL
7. Par 3 64 m. **OB i rasområde til høgre.** Trongt hol. Litt meir opent på høgre side framme. Putter?
8. Par 3 84 m. Ingen OB. Trongt hol. Meir opent på venstre side framme. Rett fram.
9. Par 4 125 m. OB ved gjerde langs venstre side. Mando til venstre for tre ca 95 m framme. **Nytt OB-område bake og til venstre for korg, for å skilje holet frå #12 og #13.** Plasseringskast bortom kum.
10. Par 3 67 m. Mando til høgre for tre 24 m framme. Hazard på venstre side. Tør du snarvegen?
11. Par 3 73 m. Same korg som #10 med mando til høgre for tre 40 m framme og hazard på venstre side. Rett fram. Putter?
12. Par 3 69 m. Mando til høgre for tre 30 m framme. OB ved gjerde på venstre side. **OB på høgre side og bak korg for å skilje holet frå #9 og #13.** Klassisk hyze.
13. Par 3 93 m. OB i bekk til venstre og bak korg. **OB på høgre side og bak, for å skilje holet frå #9 og #12.** Nok ein hyze for skummel birdie eller plasseringskast for enkel par?
14. Par 4 114 m. **NB! Utkast 10 m lenger bak det ordinære utkastfeltet. OB i bekken langs høgre sida og nedover bak korga.** Plasseringskast for birdie eller går du heilt fram for eagle?
15. Par 3 53 m. Trippelmando ca 10 m framme. Dropp mellom mando trea. Rett fram. Putter?
16. Par 3 61 m. Ingen mando. Tett skog på begge sider. Bratt opp til korg. Plassering eller heilt opp?
17. Par 3 72 m. Ingen mando (bortsett frå campingplass). Tør du putte ved haugen eller leggje deg opp?
18. Par 3 32 m. OB-øy. 2 forsøk frå utkast (kast 1 og kast 3), deretter dropp 10 m frå korg. Vanlege OB-reglar frå dropp. Venstre eller høgre rute. Valet er ditt. Kanskje putte for ace?